

NORSK | NORWEGIAN

sing me in

collective singing in the integration process of young migrants



Erasmus+

Å inkludere unge
med migrantbakgrunn
i eksisterande kor

Free handbook

www.SingMeln.eu

Utgjevar

Denne handboka er utgjeven av European Choral Association – Europa Cantat (Weberstrasse 59a, 53113, Bonn, Tyskland) for prosjektet «Sing Me In».

Handboka kan lastast ned, delast og skrivast ut fritt.

Teksten, som er skriven av dei deltakande organisasjonane, ligg under lisensen «Creative Commons Attribution 4.0 International Public License». Han kan delast og tilpassast etter visse vilkår: <https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/>



Sitat, musikkdøme og biletar kan ha annan opphavsrettsleg status, som me har freista å klårgjere for kvart tilfelle.

Deltakarar i prosjektet

Prosjektet Sing Me In vart samordna av

European Choral Association - Europa Cantat (DE) www.europeanchoralassociation.org



saman med:

Estonian Choral Association (EE) www.kooriyhing.ee

Sulasol (FI) www.sulasol.fi

Ung i Kor (NO) www.ungikor.no

ZIMIHC (NL) www.zimihc.nl

Koor&Stem (BE) www.koorenstem.be

A Coeur Joie (FR) www.choralies.org

Musica International (FR) www.musicenet.org

Moviment Coral Català (CAT/ES) www.mcc.cat

Koro Kulturu Dernegi (TR) www.korokulturu.org

Fayha Choir (LB) www.fayhachoir.org



SULASOL



Dette prosjektet er finansiert med støtte frå Europakommisjonen.

Denne publikasjonen viser berre synet til forfattaren, og kommisjonen kan ikkje bli halden ansvarleg for korleis informasjonen eventuelt kan bli brukt.



Bidragsytarar

Mange har bidrege til prosjektet, og sett av tid og energi på å korrekturlese, omsetje, og stille saman informasjon og tekstar. Du finn ei lista på nettsida www.singmein.eu.

Redigeringa av handbøkene vart gjord under oversyn frå:

Burak Onur Erdem, Ingvill Espedal, Côme Ferrand Cooper, Sonja Greiner, Lucille Lamaker, Gautier Lemoine, Olav Øyehaug Opsvik, Pierre-Luc Pfrimmer, Liesbeth Segers, Çağlar Tosunoğlu, Marina Velasquez and Jean Claude Wilkens.

Table of Contents

Velkommen til Sing Me In!.....	5
Kva handlar prosjektet «Sing Me In: Samsong som ein del av integreringsprosessen for unge migrantar» om? 5	
Bidraget vårt: fire handbøker du kan laste ned.....	7
Introduksjon til denne handboka.....	9
Kva er føremålet med denne handboka?.....	9
Kven er denne handboka laga for?.....	9
Eit samarbeid.....	10
1. Utfordringar - og råd.....	12
1.1 Spørsmål om språk.....	12
1.2 Spørsmål om religion og kultur.....	13
1.3 Spørsmål kring kjønn.....	15
1.4 Skilnader i økonomi og høve til finansiering for deltakarane.....	16
1.5 Strategiar for rekruttering.....	16
1.6 Velkomeordningar.....	18
1.7 Spørsmål om lov.....	19
2. Dirigentens rolle og repertoar.....	21
2.1 Val av repertoar.....	21
2.2 Repertoar som verktøy for språkkinnlæring.....	23
2.3 Rolla til dirigenten.....	23
3. Eit siste ord – forteljinga om Louis.....	25
4. Vedlegg - Referansar.....	27
Prosjekt og kor me nemner i denne handboka.....	27



ECA-EC

Velkommen til Sing Me In!

Kjære leser,

Takk for at du tek deg tid til å lese denne handboka. Me vonar verkeleg at ho skal vere til hjelp for deg, og at ho skal motivere deg til å setje i stand nye musikalske prosjekt. Denne handboka er ein del av ein serie på fire handbøker, som har vorte utvikla innan rammene for eit europeisk prosjekt som har gått frå 2016 til 2018. I denne innleininga skal me kort presentere kva prosjektet handlar om, og korleis du kan få nytte av det.

Kva handlar prosjektet «Sing Me In: Samsong som ein del av integreringsprosessen for unge migrantar» om?

Nokre unge menneskjer lauper større risiko enn andre for å hamne utanfor på grunn av deira sosio-økonomiske bakgrunn, kvar dei bur, bakgrunnen deira som migrantar, eller av andre grunnar. Prosjektet Sing Me In ynskjer å gje barne- og ungdomskorleiarar, eller andre interesserte, ulike pedagogiske arbeidsmåtar og verktøy, som let det å syngje saman bli ei positiv kraft i integreringsprosessen for unge menneskjer som risikerer å hamne utanfor.

Ellevé ungdomsorganisasjonar frå ti land, som alle arbeider med samsong, opplevde alle at dei ynskte seg strukturerte verktøy dei kunne bruke for å kome til rette med desse problema. Ungdomsorganisasjonar verda over delar same utfordringar, og er berre delvis medvitne om dei ulike løysingane som har vorte utvikla i andre europeiske land. Deltakarane i dette prosjektet ynskete å kome til rette med dette på europeisk nivå, for å forsikre seg om at heile feltet, og så mange unge menneskjer som mogeleg, kan dra nytte av det.

Desse elleve organisasjonane gjekk saman og tok i bruk heile nettverka sine for å samle inn gode døme på korleis ein gjorde dette i deira respektive profesjonelle og geografiske område. På grunnlag av dei mange innspela frå feltet, og med innspel frå ekspertar og utøvarar, valde dei å gå saman for å utvikle eit nyskapande pedagogisk materiale.

Det viktigaste produktet frå prosjektet er tre handbøker og ei tilpassa repertoarsamling, som rettar seg mot barne- og ungdomskorleiarar og -lærarar. Dei inneheld råd om repertoar, fallgruver ein bør unngå, døme på gode metodar, kommunikasjonsstrategiar, finansieringstips, retningslinjer for å førebu songarar, og så bortetter. Handbøkene er tilgjengelege på elleve språk for å nå ut til flest mogeleg ungdomsarbeidarar i Europa, og på andre stader.

For å nå ut til så mange som mogeleg som mogeleg, har me organisert ein serie med nasjonale og internasjonale spreiingstiltak, gjennom seminar og konferansar der målgruppene våre er samla. Desse samlingane er eit høve å nå ut til aktive utøvarar, som i sin tur vil bruke metodane, og spreie dei vidare.

Antropologisk forsking tyder på at menneskerøysta sannsynleg var mellom dei fyrste instrumenta som vart nyttta av menneskjer for å lage musikk saman, og at det hjelpte medlemmar i ei gruppe å utvikle ulike evner, til å dele kjenslene sine, og til å organisere samfunnslivet. Samsong gav ei kjensle av samhøyrsinn. Sing Me In tek såleis ein tusenårig tradisjon i bruk, for å føre oss vidare i framtida. Prosjektet skal gje oss nyskapande og verknadsfulle reiskapar, som kan hjelpe unge menneskjer å møtast utan fordommar, å tilegne seg nye evner, og å kunne gå inn i eit produktivt og balansert tilhøve til samfunnet.

Kvifor skulle samsong kunne vere til nytte i integreringa?

Samsong er ei sosial handling – det handlar om å syngje saman. Å syngje saman kan skape eit sterkt band av delte kjensler og glede, også mellom menneskjer med svært ulike levemåtar. Ein ny relasjon kan byggjast på å dele denne kjensleopplevinga, som har både venleik, hardt strev, og glede i seg. Song i seg sjølv er sjølvsagt berre eit verktøy for å jamne ut statusen mellom deltakarane, når me syng er me fyrst og fremst songarar, som samarbeider for å oppnå eit felles musikalsk mål. Det gjer eit nyttilhøve mogeleg, som byggjer på likskap – me er alle songarar her – og som kan nyttast for å sjå forbi skilnadene ein kan oppleve, og oppnå samtale og forståing. Likevel er ikkje dette ikkje eit unikt verktøy, samsong er berre eitt verktøy mellom mange andre for integrering og inkludering, som til dømes andre musikalske aktivitetar, idrett, utdanning, arbeid, samfunnsarbeid, og så bortetter. Desse og mange andre aktivitetar delar same mål.

Her kan me sitere Anne Haugland Balsnes¹:

«Sangstemmen er en del av kroppen og nært knyttet til pusten. Derfor gir sang fysisk avspenning, trener muskler, skjelett og lungekapasitet, og gir en generell opplevelse av fysisk velvære. Korsang gir dessuten glede og oppstemthet i tillegg til en generell opplevelse av følelsesmessig velvære. Å synge i kor beskrives som å få et kick, som en forelskelse eller som en rus man kan leve lenge på. Slike gode opplevelser er betydningsfulle for helse og livskvalitet. Noe av det viktigste for å bli integrert i et nytt land, er å lære språk. I et kor kan man lære et nytt språk i en uhøytidelig sammenheng, både ved hjelp av kommunikasjonen som foregår på korøvelsene og sangtekstene. Man trenger ikke snakke språket flytende for å være med som fullverdig kormedlem. Sosiale kontakter er også avgjørende for integrering, og koret bidrar i så måte.»

Å synge i kor er den aller enkleste måten å musisere på siden selve instrumentet – sangstemmen – er en del av kroppen. Man trenger kun en gruppe mennesker, et sted å være og en korleder for å lage et kor. Det er likevel ingen selvfølgje at et kor skal gi alle de gode gevinstene som er nevnt ovenfor. Det er avgjørende at både den sosiale og musikalske delen av korpraksisen er preget av gjestfrihet.»

Prosjektnamnet brukar orda «samsong som ein del av integreringsprosessen for unge migrantar». Når me diskuterer ordvalet her under, ynskjer me å vise at hovudsaklege mål er å støtte opp under prosessar og prosjekt som hjelper folk å sjå forbi det som er ulikt. Som ei fylgd av dette vil dei med tida oppdage måtar å få individuell kontakt med andre, og skape nye band og ei kjensle av å høre til i same gruppe. Unge migrantar, som anten nett har kome eller har funne seg til rette i familiar med synleg migrasjonsbakgrunn, er ein del av våre europeiske samfunn. De studerer, arbeider, leiker, talar, og flyttar in med resten av generasjonen sin, og er ein del av morgondagens generasjon av vaksne. Måten dei stiller seg til omgjevnaden sin, og måten omgjevnaden er imot dei, vil delvis definere korleis samfunna våre vil verke i dei komande åra. Sjølv om du mest sannsynleg lasta ned denne handboka frå verdsveven, trur me ikkje at digitalt nettverksarbeid og virtuelle samfunn er svara på utfordringane framfor oss. Me treng kontakt, utveksling, samtale og samarbeid i det verkelege livet.

¹ Balsnes studerte KIA multikulturelle gospelkor i Kristiansand under våren 2012. Koret er del av KIA, som står for Kristent interkulturelt arbeid. Studiane bygde på deltakande observasjon og intervju, og fokuserte på medlemmar med bakgrunn som flyktingar.

Samsong er ei svært fleksibel kunstform, som berre blir definert av metoden, det å syngje saman, og såleis kan ta til seg og tilpasse seg nytt musikalsk og kulturelt innhald. Denne kjensla av samhøyr, av å møtast fredeleg, er i sjølve hjarta av dei europeiske idéane, slik dei blir levande i mange initiativ, mellom og utover institusjonane i EU.

For kven er dette prosjektet?

- **Sluttmål:** Prosjektet siktar på å vere til nytte for unge menneskjer
 - som anten bur i Europa eller på ein annan stad.
 - som anten kan vere ein del av kulturen i vertslandet eller kome frå andre kulturelle bakgrunnar, som migrantar eller flyktningar.
 - som anten er songarar, eller kjem til å bli det.
- **Direkte mål:** Handbøkene skal hjelpe
 - dei som arbeider profesjonelt med born og ungdom, som barne- og ungdomskordirigenter eller sosialarbeidarar.
 - lærarar og musikklassrarar som ynskjer å arbeide med born og unge frå ulike bakgrunnar.
- **Spreiing:** For å dele med oss av dei reiskapane me har utvikla, samarbeider me med eit breitt nettverk av
 - organisasjonar som når ut til dei som arbeider profesjonelt med ungdomar.
 - organisasjonar som kan syne fram døme på godt arbeid, og spreie resultata frå prosjektet, deriblant handbøkene og repertoarsamlinga.

Bidraget vårt: fire handbøker du kan laste ned

Resultatet av arbeidet vårt er tre handbøker og ein rettleiar til repertoar, som du kan laste ned gratis frå www.singmein.eu

- «Sing Me In: Å syngje med grupper av unge flyktningar»
- «Sing Me In: Å inkludere unge med migrantbakgrunn i eksisterande kor»
- «Sing Me In: Å arbeide i eit skolemiljø»
- «Sing Me In: Repertoarsamling» [Repertoire Guide]

Kvar av dei tre handbøkene er tilgjengeleg på elleve språk: arabisk, engelsk, estisk, finsk, fransk, katalansk, nederlandsk, norsk, spansk, tyrkisk og tysk. Om du er interessert av å bidra med ei omsetjing til ditt eige språk, ikkje nøl med å ta kontakt! Om du vil vite kva andre omsetjingar som kanskje har kome i mellomtida, sjå på nettsida www.singmein.eu.

Kva ventar me oss?

Me vonar...

- å få sjå at handbøkene våre bidreg til at fleire integreringsprosjekt blir skipa.
- å få sjå vanlege kor ta inn songarar med meir varierande bakgrunn.
- å få sjå elevar og klassar dra nytte av songaktivitetar, slik at dei kan få til dømes betre studieresultat og klasseromsdynamikk.
- å få sjå at alle som deltek og organiserer blir løna med glede og moro, og får dele låtten og musikken.

For å oppnå det, treng me di hjelp! Om du likar desse handbøkene, del dei med vene og kollegaer. Og om du ikkje likar dei, sei frå om kva me kan gjere betre!

Nokre forklăringer om omgrepa me har valt

Det engelske namnet på prosjektet er «Sing Me In: Collective singing in the integration process of young migrants». Her skal me forklåre ordvala me har gjort.

[...] samsong [...]

Sjølv om dei fleste av deltakarane i dette prosjektet driv med korsong, trur me at alle former av samsong kan gje gode resultat. Det tradisjonelle koroppsettet – ein dirigent, notar og songarar i stemmegrupper – er ikkje det einaste formatet som verkar med dette prosjektet. Vår tilnærming vil altså dekke all slags delt songaktivitet, a cappella eller med instrumentar, einstemt eller

fleirstemt, og med alle slags repertoar og stilar. Vår viktigaste tilgang er den svært nære og einande opplevinga av røyster som blandar seg.

[...] integreringssprosess [...]

Me har heile tida vore medvitne om at omgrepet «integrering» kan bli sett på som gamaldags, feil, eller politisk ukorrekt, i somme land, kulturar eller språk. Målet vårt er ikkje å avgjere om migrantar skal «integrerast» eller «inkluderast», eller noko anna ord. Målet vårt er å bidra med idéar og verktøy som kan tilpassast til totalt ulike samanheng, der folk frå ulike bakgrunnar fredeleg må leve sandre og dele ting. Kort sagt, rett og slett å gjøre livet betre for alle som er med.

Tenk på at den prosessen kan måtte gå begge vegar. Vertskapskulturen må tilpasse seg akkurat som kulturen til migrantane. I vår mangslungne verd må alle tilpasse seg.

[...] unge [...]

Prosjektet fokuserer på unge migrantar. Med «ung» meiner me folk i dei formative åra sine, inkludert born frå barnehagealder og oppover, til dei når vaksenlivet. Der me har ei særskild aldersgruppe i tankane, skriv me dette. Dette er sjølv sagt eit konsept med varierande innhald, som kjem an på landet, kulturen, og den sosio-økonomiske situasjonen. Du kjem også til å merke at me av og til skriv om aktivitetar som blandar generasjonar som eit verktøy for integrasjon, eller til og med at me tek inn ting som var utvikla for vaksne, men der me kan trekke ut viktig informasjon me sjølve kan dele vidare. Omvendt kan også mange av tipsa og tankane som me nemner i handboka, også bli brukte når ein arbeider med vaksne i ein tilsvarende samanheng.

[...] migrantar [...]

Ifylgje UNESCO kan termen «migrant» tolkast som «kven som helst som kortvarig eller permanent bur i eit land der han eller ho ikkje vart fødd, og som har fått tydande sosiale band til landet». Denne definisjonen inkluderer både flyktingar og asylsökjarar. Prosjektet vårt har likevel ei breiare omfatning, og inkluderer potensielt unge menneskjer med migrantbakgrunn – fyrste, andre eller til og med tredje generasjon – som kan trenge vidare integrasjon eller inkludering i vertskulturen. Me er fullt medvitne om at det finst unge migrantar som allereie er integrerte, og ikkje treng støtte. Det er også lik at mange av tipsa og tankane me har samla kan nyttast når ein arbeider med unge ikkje-migrantar, som ikkje har tilgang til kulturell verksemd, og som er vanskelegstilt, anten sosialt eller på andre måtar.



Ton Willemse

Introduksjon til denne handboka

Kva er føremålet med denne handboka?

I denne handboka ynskjer me å byde på idéar og innspel til korleiarar og andre som held på med samsong, om korleis dei kan integrere migrantar i kora sine, korleis dei kan skipe tokulturelle eller mangkulturelle kor, korleis dei kan takle visse typar av utfordringar, og korleis dei kan unngå vanlege fallgruver i arbeidet. Me kan sjølv sagt berre tilby ei avgrensa mengd innspel, så me vil også føreslå at ein også spør folk som arbeider med migrantar og flyktningar der ein bur, og at ein freistar å kome i kontakt med kollegaer som kanskje allereie har arbeidd med dette ei stund.

Kven er denne handboka laga for?

I denne handboka talar me om vanlege barne- og ungdomskor, ikkje om songleg aktivitet med berre flyktningar (sjå Sing Me In: Å syngje med grupper av unge flyktningar) eller om å syngje med skuleklassar (sjå Sing Me In: Å arbeide i eit skolemiljø). Dei to andre handbøkene finst tilgjengeleg for gratis nedlasting på www.singmein.eu.

Såleis er denne handboka altså retta mot folk som arbeider med visse typar av kor:

- Kor som er skipa som to- eller fleirkulturelle kor, med føremålet å føre saman menneskjer frå ulike kulturar. Dette kan også gjelde kor som fører saman flyktningar med lokale songarar, eller kor som samarbeider med, møter, eller syng i lag med flyktningkor.
- Kor i område med høg prosentdel migrantar, som av noka avdeling har ei viss mengd migrantar – 1., 2., eller 3. generasjons – mellom songarane. Desse kora kanskje ikkje blir oppfatta som særskilde eller annleis, men av og til blir den kulturelle bakgrunnen til songarane eit tema, eller blir oppfatta som relevant. Likevel kan det finnast kor som opplever dette som utfordrande, eller kor som ynskjer å auke talet på migrantar i koret til dømes for å betre spegle delen migrantar i folkesetnaden. Desse kora kan ha nytte av idéane som me presenterer i denne handboka.

- Kor med ingen eller svært få migrantar, som har som mål å auke talet på songarar med migrantbakgrunn.
- Skulekor som fungerer som ein friviljig aktivitet, og ikkje som ein del av musikkundervisinga. Nokre av emna som me tek opp her vil vere relevanta også for den slags kor. For dei som arbeider i samanheng med skulen vil også handbok tre, «Å arbeide i eit skolemiljø» kunne gje fleire innspel.
- Studentkor, sidan det i nokre land og byar finst store tal på utanlandske studentar, som kanskje ikkje er migrantar, men kan dra nytte av song som ein reiskap for betre integrasjon.
- Det finst også kor som berre samlar migrantar frå eit visst opphavslend. Sjølv om dei kanskje ikkje direkte bidreg til at unge migrantar blir integrerte, så lenge dei ikkje er opne for songarar frå andre kulturelle bakgrunnar, vil me framleis gjerne nemne dei. Somme av desse kor kan kome til å opne seg også for andre songarar framover, som til dømes Hoffnungschor i Berlin gjorde. Andre kan vere ein nyttig og interessant resurs for korleiarar som er på jakt etter repertoar, uttalehjelp eller liknande, dersom dei skulle ynskje å syngje musikk frå desse kulturane med sine eigne kor, eller samarbeide på ein annan måte. Desse kora kan også hjelpe til med integreringa gjennom å framføre musikk frå opphavslendet sitt, og dimed dele kulturen sin med menneskjer i vertslandet, noko som kan bidra til betre kunne om kulturen deira. Det finst til dømes mange tyrkiske kor i Tyskland og andre europeiske land, som framfører tyrkisk repertoar.

Denne handboka kan også vise seg å vere nyttig for korleiarar i kor med sosialt eller økonomisk vanskelegstilte songarar, eller born og unge som ikkje er fullt inkluderte av andre grunnar.

Eit samarbeid

Denne handboka vart skiven gjennom eit samarbeid, og byggjer på innspel frå alle deltakarar i Sing Me In-prosjektet, idéar frå ulike prosjekt som me analyserte, og kunnskap frå folk som arbeider i feltet. Arbeidet vart samordna av det europeiske korforbundet (European Choral Association – Europa cantat) og den katalanske korrorsla (Moviment Coral Catalá).

Inspirasjon for denne handboka:

Prosjektet Sing me in vart mellom anna inspirert av ein tysk studie (Ermert 2016), som hadde sett på kor stor del av medlemssmassen i barne- og ungdomskor som hadde migrantbakgrunn, og poengtete at den delen var mykje mindre enn delen migrantar i folkesetnaden elles. Parallelt med dette har medvitet kring flyktningssituasjonen auka i mange europeiske land sidan 2015.

Innan rammene for prosjektet «VOICE – Vision on innovation for Choral Music in Europe» (Ein visjon om innovasjon i kormusikk i Europa), gjennomførte det europeiske korforbundet ein studie om korsong i Europa, som vart utgjeven 2015. I eit nettsørjeskjema, som over 4.000 kor svarte på, var eitt av spørsmåla «Kva er føremåla til koret?». 65% av kora svarte at det å «medverke til sosial integrering (av songarar frå ulike generasjonar eller ulike kulturelle bakgrunnar)» var eitt av måla, men nesten halvparten av kora melde at dei berre delvis nådde dette målet, eller at dei ikkje nådde det i det heile. Det tyder at nesten 35% av desse kora skulle ynskje å kunne inkludere folk frå ulike generasjonar eller frå ulike kulturelle bakgrunnar, men ikkje veit korleis dei skal gjere dette. Det kan til dømes vere at dei ikkje veit korleis dei skal nå ut, eller korleis dei kan kome rundt andre ting som kan vere vanskelege eller skremme bort folk.

I 2015 førte det auka talet på flyktningar til mange ulike initiativ i ulike land, både for å skipe tokulturelle og mangkulturelle kor, og for å inkludere unge migrantar i eksisterande kor.

Utfordringar

Når ein skriv ei handbok som denne, som rettar seg til dei som ynskjer å integrere fleire born og unge med migrantbakgrunn i verksemndene deira, finst det alltid ei fare for å generalisere – anten gjennom å leggje for stor vikt på skilnaden mellom kulturar, der desse kanskje elles ikkje er ei sak, eller gjennom å automatisk gå ut frå at unge migrantar identifiserer seg med opphavskulturen til foreldra deira, noko dei kanskje ikkje gjer.

Såleis, sjølv om me har sett opp ei liste med idéar og innspel her under, er me medvitne om at:

- Somme av problema me tek opp ikkje berre gjeld unge migrantar, men også kan inntrefte med unge ikkje-migrantar.
- Der det ikkje finst nokre problem, treng ein heller ikkje nokre råd – desse handbøkene er tenkte for å hjelpe, der ein ventar seg utfordringar eller der utfordingane allereie har oppstått. Difor har me ofte skrive «kan» eller «skulle kunne», når me skriv om mogelege utfordringar eller kjelder til konflikt.
- Når ein skildrar visse fenomen, til dømes kulturelle skilnader, er det ei tynn grense mellom å på den eine sida byggje opp under fordommar, og på den andre sida å ta inn over seg område der det verkeleg er ulike syn på ting.
- Ein må ikkje gå ut frå at nokon kjenner eller tenkjer på ein viss måte, berre fordi me trur at det er vanleg i hans eller hennar kultur.

Den vanskelege balansen er såleis å unngå utfordringar og konfliktar gjennom å kjenne til skilnadene, men utan å peike på dei der det ikkje er naudsynt. Det gjeld også å sjå på alle songarar som individ med ein identitet i fleire lag, og ikkje å redusere dei til å berre vere «den andre». Når ein til dømes tek opp spørsmålet om å kome tidsnok, kan det oftare vere eit problem med migrantar frå visse kulturar, men det finst også ikkje-migrantar som alltid er seine. Utfordringa er såleis å ta opp spørsmålet utan å gå ut frå, eller gje inntrykk av, at berre migrantane i koret kan kome seint, men heller å finne sams reglar for gruppa.

Når ein brukar visse metodar eller reiskapar for å inkludere minoritetar, må ein generelt sjå desse som naudsynte steg i ein prosess der målet er at inkluderingsa skal kome naturleg, og der ein ikkje lenger treng desse reiskapane. Det slutlege målet burde vere at barne- og ungdomskora i landet speglar prosentdelen migrantar i folkesetnaden elles, slik at dette ikkje treng å bli nemnt, og difor ikkje treng å gjerast noko med. Sjølvsagt kjem det alltid til å finnast unnatak, til dømes når ein arbeider med unge migrantar eller unge flyktningar, som nyleg har kome til landet, og som kanskje enno ikkje talar språket eller kjenner kulturen i landet elles. For å kunne arbeide med desse unge menneskjene, vil du sannsynleg alltid måtte tilpasse metodane dine, for å sjå til at dei verkeleg blir integrerte i gruppa.

Bli inspirert av andre

Eit mål for denne boka er å nytte døme frå prosjekt og kor i ulike europeiske land som inspirasjonskjelde. Me trur at positive døme, der det å syngje saman har hjelpt unge migrantar å kjenne seg meire inkluderte, og å få sosialisere med jamgamle, kan inspirere andre. Dirigenten for KIA-koret i Noreg oppsummerer føremålet for koret sitt slik:

«Å samles et sted hvor man har noe å gjøre, hvor alle er på lik fot, og hvor man møtes i et varmt fellesskap som det å sygne er.»

Anne Haugland Balsnes, som studerte koret, legg til:

«Når et kor er preget av sosial og musikalisk gjestfrihet, kan det gi gode opplevelser og fellesskap og bidra til empowerment, mening og sammenheng i livet. Et gjestfritt kor kan bidra til integrering og til det vi kan kalle bedre trivsel, helse, velvære, livskvalitet – eller simpelthen et bedre liv – for mennesker i et nytt land.»

Å arbeide i ein mangkulturell samanheng – er det så annleis?

«Kulturen kan ein sjå på som vindauge me ser verda gjennom.

Det å arbeide med ei fleirkulturell gruppe er ikkje så annleis frå å arbeide med ei einskulturell gruppe, utan studentar frå kulturelle minoritetar. Det handlar framleis om å arbeide med born og unge som treng ulike ting og har ulike talent, dugleikar og interesser.

Det tyder ikkje at kulturell ulikskap ikkje er eit relevant spørsmål. Men det er framleis ikkje på nokon måte den einaste faktoren som påverkar haldningar, åtferd, eller måten me møter kvarandre. Om me tenkjer på korleis me arbeider med born frå andre kulturar, om me då legg vekt på kva dei gjer annleis frå andre, utan å ta med mengda av faktorar som skulle kunne gjere dei meir som dei andre på same alder, risikerer me å skape ulikskap.

Som ein ikkje-verbal uttrykksmåte, gjer musikk det lettare å kople saman ulike røyndomar, og gjer det mogeleg å lære som ei kreativ handling for å kunne forstå opplevinga kritisk.»

Ester Bonal, Xanfra-prosjektet, Barcelona



ECA-EC

1. Utfordringar - og råd

1.1 Spørsmål om språk

Spørsmålet om språk i korsamanheng kan variere stort – unge migrantar i 2. eller 3. generasjon kan tale det lokale språket flytande, sjølv om foreldra deira kan slite med å kommunisere på språket. Nykomne unge migrantar, særskilt unge flyktningar, talar kanskje ikkje språket i det heile enno, eller meistrar språket därleg. Dei har kanskje heller ikkje lært seg engelsk, fransk eller eit anna språk som kan bli forstått i vertslandet, og kan slite med å kommunisere også ikkje-verbalt.

Språket kan spele ei rolle i repertoarvalet, særskilt når det kjem til to- eller fleirkulturelle kor som har vorte skipa for å integrere unge migrantar. Av og til vel kor songar på det lokale språket som ein måte å støtte eller betre språkinnlæringa – dette er særskilt relevant for migrantar som nett har kome, og for flyktningar. Motsett kan kora også ynske seg å berre syngje songarar frå dei kulturar og språk som er representert hjå songarane i koret.

Praktiske råd:

Her kjem det nokre tips og tankar om korleis du kan møte utfordringar knytte til språk, om slike skulle oppstå.

Å skjøne kva ein syng

Når språk blir ei utfordring kan det hjelpe å byrje med å syngje utan ord, slik at songarane først kan fokusere på, og kose seg med musikken, før dei treng å ta føre seg teksten. Her er nokre idear om kva du kan gjere.

- Byrje med å tromme på kroppen i staden for å syngje, det kan også hjelpe songarane å kome i gang.
- Bruk kvardagslege gestar som geispar og tøyting, som også kan vere ein god måte å vekkle songarane.
- Bruk hermeleikar.
- Bruk biletet av elektrisk straum som går gjennom hender og kropp.
- Leik med namna til songarane, med harmoniar, som solo- og tuttioppgåver, og så bortetter.
- Det kan hjelpe å bruke rørsler, særleg med yngre born, for å gjøre det lettare å skjøne songteksten. Om songen er på eit lokalt språk, kjem dette også til å hjelpe dei å lære seg språket.

- Om ein har notar og tekstar med illustrasjonar kan det også hjelpe songarane å skjøne kva dei syng. Ein kan også bruke ljudmåling.
- Om dirigentane ynskjer å lære koret songar frå opphavskulturen til migrantar i koret, kan dei spørje songarane, eller deira foreldre eller eldre familiemedlemmar, om hjelp med å lære ut rett uttale, eller om å lage lyttefiler med uttale.
- Ambassadar, konsulat, og kulturforeiningar frå dei ulike landa kan også hjelpe til med den typen av spørsmål.
- Om det er for vanskeleg å lære ut ein song frå kvar kultur i språket, kan ein vurdere å be migrantane i koret om å syngje ein song for dei andre, og fortelje om kva han handlar om. Dette vil også bidra til at dei lærer seg om kulturen til kvarandre, sjølv om alle songarane ikkje kan syngje songen saman, eller berre kan vere med på eit refreg.
- Det å syngje på eit språk ingen av songarane meistrer, kan faktisk vere ein måte å ikkje gjere skilnad på songarane – i eit slikt tilfelle ville alle ha same vanskar i å lære seg det nye språket.
- Sjå også avdelinga om repertoar her under (2.1).

Å skjøne kva dirigenten seier

- Om songarane ikkje skjønar instruksjonane frå dirigenten, kan dirigenten freiste å bruke færre ord, og fleire gestar.
- I fleirkulturelle kor kan songarar som slit med å kommunisere, få ein ikkje-migrant eller ein migrant som allereie meistrar språket, som fadder. Fadderen kan vise kvar ein skal syngje og forklare dirigentens instruksjonar og, når det går, setje om til eit språk den nye songaren skjønar. Som ein sideverknad kan dette også bidra til å skape band mellom songarane, og få nye songarar til å kjenne seg meir velkomne.
- Det finst verktøy som kan hjelpe dirigentane når songarar har vanskeleg for å kommunisere med dei andre i koret, med dirigenten, eller med andre vaksne – det kan til dømes vere biletordbøker, fleirspråklege ordlister og så bortetter.

Å kommunisere med songarar og foreldre

Somme songarar og foreldre, særleg dei som allereie har levd ei tid i landet eller vorte fødde der, kan oppleve det som kjensleg at dei ikkje talar det lokale språket godt.

Ver i slike tilfelle varsam med å ikkje leggje vekt på at dei kan slite med språket, finn andre måtar å forsikre deg om at dei skjønar. Ver tolmodig, og lat det ta tid.

Lat dei freiste å tale det lokale språket om det er det dei vil, sjølv om dei gjer feil, og det kunne ha vore meir effektivt å kommunisere på eit anna språk.

1.2 Spørsmål om religion og kultur

Å setje saman unge mennesker frå ulike kulturelle bakgrunnar kan vere ei utfordring, så for å unngå konflikt kan det hjelpe å gje dei medverkande litt førehandskunnskap om kulturskilnader. Det kan hjelpe å førebu begge sider og å setje ord på nokre av skilnadene mellom kulturane, utan å falle for å generalisere eller ta opp fordommar. Kva kan vere eit kjensleg spørsmål for dei andre? Er det verkeleg det – og i så fall kvifor? Kva kan vere viktig for dei ulike medlemane? Her kan du ta opp nokre av spørsmåla me nemner i lista med praktiske råd her under, slik som korleis ein helsar, korleis ein ser på tidsbruk, det å kome i tid eller å planleggje på lang sikt, kva matvanar ein har – noko som kan ha med religion å gjøre – at ein ser ulikt på kva som er høfleg eller uhøfleg, at ordlaus kommunikasjon kan sjå ut på mange måtar, og så bortetter.

I referanseavdelinga her under finn du nokre utgjevnader, som kan hjelpe deg å førebu deg på dette. Det er også mogeleg å ta kontakt med organisasjonar som arbeider med flyktningar i dei ulike landa, sidan dei ofte har utvikla stoff på landets språk, som du kan bruke.

Ei anna utfordring er at nivået på den musikalske utdanninga kan variere stort mellom kulturane borna kjem frå. I somme land er dette mindre relevant, då det kan også kan skilje i musikkunnskap mellom dei lokale borna. I andre land, der tradisjonen for musikkutdanning er rik, kan dette føre til at dirigenten må tilpasse metodane sine, og finne ulike måtar å lære ut same songar til to grupper med stor variasjon i læringsmåte.

Praktiske råd

Generelt sett kan det vere lurt å diskutere reglar og grensesetting saman med koret, slik at gruppa utviklar eit eigarskap til reglane. Då er alle samde om dei, og det blir deira eigne reglar, heller enn reglane til dirigenten. Dette kan også vere godt for traumatiserte born, sidan strenge reglar og harde diskusjonar kan vere vanskelegare for dei enn for andre. Ein slik framgangsmåte kan også bidra til å myndiggjere unge menneskjer, ikkje berre å lage reglar, men også for å lære frå kvarandre, og skape eit læringsutbytte mellom likemenn, heller enn berre ovanfrå og ned.

Skilnader i kultur og vanar

- Det kan hjelpe å leggje til rette for gode ein-til-ein-tilhøve mellom borna, for å hjelpe til med å ynskje nye songarar velkommen, for å få dei nye til å skjøne korleis ting fungerer i koret, for å hjelpe dei å lære musikken, og så bortetter.
- Sidan det å møte opp jamleg kan vere utfordrande for migrantar i koret, snakk med songarane om kvifor dette er viktig også for dei sjølve, og ikkje berre for koret. Sjå til at de lagar reglane saman.
- For å kome rundt skilnader i oppfatning av tid og kva som er punktleg, kan ei praktisk løysing vere å leggje opp til øvingar med ei mjuk byrjing. Til dømes kan ein seie at 19.00 er oppmøtetid, men setje av den fyrste halve timen til uformell småprat, mat og drykk (sjå 1.6), og så byrje sjølve øvinga 19.30. Dette gjer det mogeleg for songarane å møtast og samtale fyrst, noko det då kanskje blir mindre av seinare under øvinga, og det gjer at dei som kjem seint ikkje skiplar framgangen i øvinga, og heller ikkje blir oppfatta som seine.

Skilnader i religiøse reglar

At unge songarar i koret, eller songarar som dirigenten ynskjer å få med, har ulike religionar, kan vere ei kjelde til misforståingar, uro, til at folk er skeptiske mot koret og potensielt også til konflikt i koret.

- Det kan tyde at foreldre til migrantar ikkje vil late borna sine kome til koret.
- Det kan tyde at migrantforeldre nektar å late borna sine dra på tur med koret.
- Det kan tyde at konfliktar oppstår mellom songarane, eller at songarar ikkje trivst i koret.
- I somme religionar kanskje song ikkje ein gong er tillate, eller at born ikkje veit om det er tillate eller ikkje.

Om du trur at skilnader i religion kan by på utfordringar, har me fylgjande råd:

- Snakk med foreldra til (dei potensielle) songarane for å freiste å finne ut av kva frykta eller problema kjem frå, altså kva sider av arbeidet til koret som kan vere problematisk for dei. Det kan vere å syngje i gruppe, å syngje åleine, å blande guitar og jenter når ein syng, at guitar og jenter rører ved kvarandre til dømes under koreografi, at ein syng og dansar, kordrakta, ting som er kopla til kjønn (1.3), og andre ting.
- Om borna ikkje er sikre på om song er akseptert i religionen deira, kan ein tale med foreldre eller religiøse leiarar i nabolaget, for å overtyde barnet om at det går fint. Ein kan gje døme på song innan religionsutøvinga for å vise at ein kjenner og skjønar religionen, til dømes er bønerop ofte sungne. Ein kan også forklare for foreldre at song ikkje er noko därleg, og at det jo til dømes ikkje er valdsamt. Det å spørje foreldra kvifor song ikkje er tillate kan eventuelt klårgjere kva dei er urolege for.
- Om koret til vanleg øver i ei kyrkje, sjå om du kan finne ein meir nøytral øvingsstad, kanskje til og med i eit kulturlokale til nokon av migrantgruppene.
- Om koret til vanleg har konsert i kyrkjer, freist å finne ikkje-religiøse konsertlokale. Av og til kan det halde med at det er kyrkjelydshus i nærlieken, som ikkje sjølve er kyrkjer.
- Sjå om du kan endre noko i repertoaret for å gjere det mindre vanskeleg for ikkje-kristne songarar, til dømes å syngje mindre sakralt repertoar på påske- og jolekonsertar.
- Tenk over om kordrakta kan vere vanskeleg å akseptere for foreldre i visse religionar, til dømes om jentene har ermelause kjolar. Om du har kormedlemmar som ber hijab, sjå om du kan finne ein måte å inkludere han i kledekoden, til dømes gjennom å be dei å bere ein svart eller kvit hijab, eller ein som passar med fargane i kordrakta. Tenk også over dine eigne klede, og sjå til at du som dirigent ikkje har noko på deg som kan bli sett på som provoserande eller distraherande i andre kulturar.

- Ver varsam med bruken av kroppstromming, og respekter personleg integritet og intimsonar ([Music on troubled soils: 21](#)).
- Tilby å finne ein måte å hente borna i heimen, om dei ikkje kan eller får lov til å gå på øving einsame.
- Gjer foreldra trygge på at borna deira vil få rett slags mat, som respekterer deira religiøse reglar, når koret tilbyd mat til songarane, også på kortur. Det kan til dømes vere vegetarmat, koscher, halal, eller mat utan svinekjøt, Det same gjeld at bruken av alkohol er kontrollert.
- Få greie på kva religiøse helger som kan påverka verksemda til koret. Det kan til dømes gjelde jødiske songarar, som ikkje får lov til å syngje eller reise med bil eller buss på sabbaten, eller muslimske songarar som ikkje får lov til å reise under ramadan, og ikkje får gå på øvingar eller konserter som er etter tida for iftar, når dei skal ete middag etter solnedgang. Ver merksam på at desse høgtidene kan endre seg frå år til år, som ramadan, og diskuter spørsmålet med songarane eller foreldra deira.

Av og til trur folk at religiøse skilnader kan vere utfordrande, og hindre migrantar frå at delta, og så viser det seg at det ikkje er tilfelle. Når me såg gjennom dei ulike prosjekta fann me til dømes eitt, som nytta kristen religiøs musikk med integrering som uttalt føremål: «Dei vakraste jolesongane» i Finland. I det prosjektet, som blir arrangert av ein kristen kyrkjelyd, fekk migrantar lære seg om lokal kultur, feiringar og andre ting som er viktig for integreringa.

Skilnader i musikalsk bakgrunn

- Somme kulturar, til dømes Tyrkia, arabarlanda, India og Indonesia, nyttar andre skalaer, stemningar eller rytmar. Ver merksam på at det kan vere vanskeleg for born frå desse kulturane å lære seg å syngje i eit anna tonesystem eller i andre toneartar.
- I arabiske kulturar skil seg songteknikken frå den vestlege teknikken. Det kan såleis vere vanskeleg for born frå dei kulturane å bytte mellom å talerøyst og songrøyst, eller å til dømes nytte hovudklang. ([Music on troubled soils: 21](#))
- I visse kulturar, til dømes i Palestina, finst det ikkje særleg mykje utøving av levande musikk, korkje i organiserte samanheng eller i private heimar. Born frå slike kulturar kanskje ikkje er vane ved å syngje i det heile.
- Somme songarar med migrantbakgrunn, og somme ikkje-migrantar, kanskje aldri har fått lære seg å lese notar.
- Andre kan, om dei nyleg har kome til landet, til dømes ha det vanskeleg med å lese latinske bokstavar.

Det finst fleire måtar å møte desse utfordringane. Du kan:

- Tilpass arbeidsmetodane dine, og til dømes lære ut meir på øyra, eller gjennom improvisasjon.
- Gje songarane verktøy som dei kan nytte for å lære på den måten som høver dei best, til dømes med midi-filer eller ljudfiler der nokon syng deira stemme.
- Spørje meir røynde songarar om dei kan hjelpe dei nye songarane å lære seg musikken.

1.3 Spørsmål kring kjønn

Når ein arbeider med unge migrantar frå visse kulturar, kan somme spørsmål kring kjønn by på utfordringar. Dei unge songarane kan ha vakse opp med tydelege kjønnssbaserte førebilete, og kan bli tvungne til å tilpasse seg til at rollefordelinga kan vere ulik frå land til land, og frå kultur til kultur. Ei anna side er at nokre dirigentar også har støtt på unge mannlege migrantar, som har vorte interesserte av å byrje i kor - noko som kan vere nyttig for kor som saknar herrestemmer.

Praktiske råd

Sjølv om det slutlege målet må vere å få songarane til å sjølve skjøne desse skilnadene og hjelpe dei å tilpasse seg situasjonen i vertslandet, kan ein del råd vere til hjelp i byrjinga av prosessen.

- Ein kan ha både ein mannleg og ein kvinneleg dirigent.
- Ein kan veksle mellom å blande jenter og gutter, og å av og til ha skilde øvingar, der dei kan kjenne seg meir frie.
- Ein bør vere varsam med songar og koreografiar der gutter og jenter rører ved kvarandre, eller dansar saman. Om dette er noko du vurderer, snakk med songarane om det, for å sjå om det ville vere greitt for dei.

1.4 Skilnader i økonomi og høve til finansiering for deltakarane

Det å integrere unge migrantar, og i enno større grad unge flyktningar, kan by på økonomiske utfordringar. I kor der ein til vanleg har semesteravgift, er ho kanskje ikkje mogeleg å betale for unge migrantar eller ikkje-migrantar frå familiar med låg inntekt. Songarar frå familiar med låg inntekt kanskje ikkje ein gong har eit gratis kollektivtilbod å nytte, og difor ikkje har råd til å reise til øvingar og konserter, eller til å kjøpe notar eller kordrakt.

Praktiske råd

- For å ikkje skremme bort potensielle songarar, nemn ikkje semesteravgifta når du gjer reklame for koret.
- Tilby songar som ikkje kan bidra med pengar, å kunne bidra med noko anna. Til dømes kan dei få ta over visse ansvarsområde, som å føre fråvære.
- Vurder å lage ein intern solidaritetskonto, der familiar som kan setje av meir pengar kan leggje inn ekstra, for at songarar som har det økonomisk vanskeleg skal kunne vere med. Det systemet verkar aller best om det er anonymt, slik at berre ein person veit kven som får støtte gjennom kontoen.
- Tilby dei som ikkje kan betale heile avgifta, å sjølve velje kor mykje dei har råd til, om det er 10 kroner kvar månad eller noko anna.
- Forklår for foreldra til potensielle songarar kva koret brukar pengane til, slik som notekjøp, leige for konsertlokale, og så bortetter.
- Organiser særskilde innsamlingsaktivitetar, som kakesal, innsamlingslaup, eller å syngje på offentlege plassar - eller sjå til å samle inn pengar på andre måtar.
- Kontakt organisasjonar, stiftingar eller selskap som er kopla til ulike migrantsamfunn. Anthony Heidweller frå prosjektet «Vocal Statements» i Nederland tok kontakt med migrantar som hadde vakse opp i Nederland, som visste korleis det er å vere ung migrant, og som no hadde sine eigne verksemder. Han forklårar at dei kan kjenne ei personleg tilknyting til eit slikt prosjekt, og difor støtte det. Til dømes fekk han kontakt med ei foreining av kinesiske butikkeigarar i Nederland. Det gav resultat med ein gong, og dei sa at dei gjerne ville støtte prosjektet. Då var det ikkje naudsint med noko papirarbeid, samanlikna med det å til dømes søkje om statleg støtte.

I mange tilfelle kan det finnas støtte til integrering av unge migrantar, noko som gjaldt i mange europeiske land i 2015. Denne slags støtte er ofte kortsiktig. Det er difor ofte verdt tida å undersøkje kva lokale, regionale og nasjonale støtteordningar som finst. Noko av dette står også i referanseavdelinga her under.

Om det å arbeide på lang sikt

I 2015 vart det sett opp mange integreringsprosjekt, også slike som var kopla til song, takka vere støtteordningane som dukka opp. For mange prosjekt tok støtta slutt etter eitt eller to år, slik at dei som organiserte prosjekta brått vart ståande handfalne, og ikkje visste korleis dei kunne halde fram med det verdfulle arbeidet sitt. Om du tek imot korttidsstøtte bør du tenkje igjennom ulike strategiar for korleis du skal løyse økonomiske utfordringar seinare, før støtta tek slutt. Til dømes kan det vere aktuelt å gjennomføre innsamlingsaktivitetar, som dei me nemner her ovanfor.

1.5 Strategiar for rekruttering

Når me presenterte Sing Me In-prosjektet rundt omkring, var det ei spørsmålsstilling som kom att: «Korleis kan eg få inn nye songarar med migrantbakgrunn til koret mitt? Koret mitt øver i ein del av byen der mange migrantfamiliar bur, men eg greier ikkje å nå ut til dei.»

Både studien av AMJ (Ermert 2016) og studien frå VOICE som me nemner i innleiinga til denne handboka viser til at dirigentar ofte ynskjer å inkludere migrantar i kora sine, men ikkje får det til.

Difor verkar rekrutteringsspørsmålet vere eit av aspekta det er viktigast for dirigentar at denne handboka tek opp. Det er ofte vanskeleg til å byrje med, sidan ordet «kor» eller «korsong» ikkje er så spreitt mellom folk frå somme kulturar. Difor er det ikkje sikkert at det vil lukkast med å berre setje opp ein plakat for å gjøre reklame for koret. Når du har fått songarar til å kome til koret, vil du også måtte forsikre deg om at songarane har lyst å kome tilbake (sjå 1.6).

Praktiske råd

Når ein freistar å rekruttere nye songarar er det difor viktig med korleis ein kommuniserer og presenterer koret. Kven vil du kommunisere til, og korleis?

- Som ei fylgd av dette må du tenkje grannsamt gjennom kven du vil nå ut til, og tilpasse språket ditt til det.
 - For å nå migrantfamiliar:
 - Gå til stader dit migrantar går.
 - Bruk grupper i sosiale medium.
 - Syng på offentlege plassar, for å nå ut til nye songarar og potensielle samarbeidspartnarar.
 - Når du skal snakke med born og unge:
 - Forklår for dei korleis det er på øvingane, og tenk på kva som kan lokke dei i tillegg til sjølve songen. Døme på dette kan vere å tilby noko å ete i pausen eller i samband med øvinga, og å fortelje dei om at dei kan få leike med dei andre i pausane.
 - Finn tak i eit entusiastisk barn som du kan bruke til å overtyde dei andre – born hører på kvarandre.
 - Sjå om du kan få møte heile familiane, og ikkje bara dei potensielle songarane.
 - Når du skal snakke med foreldre:
 - Det er viktig å overtyde heile familien om at borna deira skal få syngje i kor.
 - Byd inn familiar og føresette til øvingane, og lat dei vere med på songen og andre aktivitetar. Somme prosjekt har til og med særskilde øvingar der foreldra og borna syng saman, eller eit særskilt foreldrekor som er knytt til det vanlege koret. Lag særskilde roller for foreldre og sjå til å involvere dei meir i koret, slik at dei også opplever eigarskap og delt ansvar.
 - Av og til er det lettare å fyrst overtyde barnet, og skape ein gneiste i dei, slik at dei i sin tur kan overtyde foreldra sine.
 - Snakk med foreldra under avstressa omstende. Ikkje freist å fange dei i stressa situasjonar, men sjå om du kan finne eit høve der dei kan vere meir avslappa.
 - Framstill koret som ein sosial samlingsplass der borna kan lære seg om sosialt samvære, til dømes samarbeid, deltaking, og å få seg vener, og ikkje berre som ei musikalsk oppleving.
 - Når du snakkar med samfunnsleiarar eller sosialarbeidarar:
 - Spør dei om råd om kven ein skal vende seg til for å nå ut til ulike grupper i grannelaget.
 - Spør dei om råd om korleis ein best skal forkläre kva planar ein har.
 - Spør dei om råd for å unngå kulturelle misforståingar.
- Sjå med nokon frå gruppa du vil nå ut til korleis du best får kontakt med dei:
 - Gjennom plakatar eller flygeblad, - og kvar skal du i så fall hengje dei opp eller dele dei ut?
 - Gjennom å dele ut reklameprodukt, som t-skjorter eller genserar, eller noko anna?
 - Gjennom digitale kanalar eller sosiale media: Finst det særskilde sider eller grupper du kan nytte?
 - Gjennom personleg kontakt med foreldre, sosialarbeidarar, eller nokon annan?
- Når du fortel om det du driv med, ikkje berre bruk ordet «kor», men snakk om «song» eller om å «lage musikk saman», «å ha det artig med andre», og så bortetter.
- Skriv ut reklamematerialet på fleire språk. Sjå om du kan få hjelp til omsetjing frå innvandrargruppene i området ditt, eller frå flyktingorganisasjonar, friviljuge, eller nokon annan.
- Sjå til å finne ei øvingstid som er lett å få til, og som ikkje skiplar kvardagsrutinane for familiane. Til dømes kan ein øve på ein skule i området rett etter skuletid. Tenk også på kva dag som er best for øving, fredag til sundag kan vere vanskeleg for visse religionar.
- Vurder å framheve kvifor det å syngje i lag med andre kan vere godt for born og unge.

Ein avgjerande faktor er kvar du kan vende deg, kven du kan spørje om hjelp, og korleis du faktisk kan nå fram til dei gruppene som du vil nå ut til. Eit av prosjekta me har sett på, det multikulturelle koret HOPE i Noreg, som har som mål å inkludere migrantar gjennom song, ville understreke at dei hadde lukkast godt fordi mange lokale institusjonar var med på laget. Med andre ord, om du vil nå ut til rett folk:

- Sjå etter kulturinstitusjonar og -foreiningar, musikkskular – det finst til dømes tyrkiske musikkskular i Tyskland – dansegrupper, moskéar, eller andre religiøse møteplassar dit migrantar går. Foreldra til borna og ungdomane du vil nå ut til finn du der.
- Ta kontakt med skular og ungdomshus. Born og unge med migrantbakgrunn er der, saman med andre, og der kan du tale direkte med dei, sjølv om du også kan trenge å kome i kontakt med foreldra deira.
- Du kan vurdere å ta hjelp av nokon med migrantbakgrunn, eller få nokon med migrantbakgrunn med i arbeidsgruppa di. Dei kan oppleve det som lettare å snakke med foreldre, og kan også hjelpe til om det oppstår språkproblem.
- Om du allereie har nokre born eller unge med migrantbakgrunn i koret ditt, kanskje dei kan hjelpe deg med rekrutteringa.

Den mest verknadsfulle måten å lokke nye songarar til koret kan elles vere det å nytte musikk i staden for ord.

- Spør om du kan få gje ein konsert eller ei kort framføring med koret på ein av dei lokale skulane, eller på ungdomshus med høg del av migrantar, til dømes når dei har ei feiring på skulen.
- Ta kontakt med lokale institusjonar og foreiningar, og spør om de kan få syngje noko på ei tilskiping dei skal gjennomføre.
- Visse byar arrangerer særskilde fleirkulturelle tilstellingar, der du kan spørje om du kan få framføre noko.
- Planlegg framføringa på ein måte som gjør ho attraktiv, morosam og fargerik. Unngå ting som kan vere problematiske i andre kulturar.
- Ver kreativ og oppfinnsam, kvifor ikkje kombinere song med eit måltid?

Reklame eller promosjon som kan auke kunnskapen om dei gode verknadene av song

Det kan vere nyttig både for dirigentar og for andre som vil skipe eit kor, eller nytte song som ein reiskap for å integrere unge flyktningar, å samle argument om kvifor song er den perfekte reiskapen for dette. Same argument kan vere nyttige både når du søker om støtte til finansiering, når du talar med foreldre til potensielle songarar, og når du kommuniserer om koret i media.

Mange av prosjekta me har analysert har motivert bruken av song på ein slik måte, noko me også tek opp i innleiinga her ovanfor.

Det finst mykje forsking på nytta av song for både individ og samfunn. Resultata peikar på betre fysisk helse, positiv påverknad på hugnad, samanhengen mellom song og skuleresultat, og betring av sosiale evner som fører til betra sosial åtferd og større forståing for andre. European Choral Association – Europa Cantat har byrja å samle den slags forsking og gjere ho tilgjengeleg på nettsida deira, www.europeanchoralassociation.org.

1.6 Velkomeordningar

Ein avgjerande faktor for å inkludere nye songarar, ikkje berre songarar med migrantbakgrunn, er å forsikre seg om at dei kjenner seg velkomne. Ver sikker på at dei kjenner seg trygge, sjå til at andre tek vare på dei, og at de i koret har lagt opp til faste velkomeordningar. Me har allereie kome med nokre råd her ovanfor, i innleiinga og der me talar om kulturelle skilnader (1.2). Her under kjem fleire idéar og innspel kring dette.

Praktiske råd

- Som med fleire av dei andre tema me nemner i dette kapitelet, er det viktig å førebu begge gruppene. Forklår for songarane i koret kvifor du vil rekruttere og få inn nye songarar, kva målet er, og korleis songarane kan tilpasses seg den nye situasjonen.
- Når du tek inn nye songarar i eit eksisterande kor er det særskilt viktig å diskutere med songarane som allereie er i koret om kva som kanskje må endrast for å velkomne dei nye songarane, og korleis ein må ta vare på dei for at dei skal kome attende veke etter veke.
- Det å setje saman songarane ein og ein kan hjelpe. Få ein eller fleire songarar til å vere friviljuge til å ta vare på dei nye. Alle innblanda partar vil kjenne seg utvalde og oppmuntra til å sjå til at alt går bra.

- Unngå å reagere sterkt på kulturelle skilnader som kan oppstå i byrjinga, slik som det å kome i tid og møte opp jamleg. Finn fleksible måtar å løyse dei fram til gruppa har sett seg, og fått diskutere sine eigne reglar.
- Et og drikk saman! Dette vart nemnt i mange prosjekt som ein god måte å helse folk velkommen på, anten på byrjinga av øvinga eller etterpå, i særskilde pausar eller ved andre høve, slik som fødselsdagar eller anna. Om alle songarar tek med noko særskilt frå sin kultur, kan det hjelpe på å auke interessa, nyfikna og forståinga for dei andre kulturane. Døme på dette er Zing Nederlands met me (Syng nederlandsk med meg) i Nederland, og Afghan Youth – Voices of Peace (Afghansk ungdom – røyster for fred) i Austerrike. Nokre av borna har til og med gjeve uttrykk for at det som fyrst drog dei til koret var at dei fekk mat og drykk i pausen.
- Få songarane til å kjenne seg velkomne gjennom små gestar. I gospelkoret til KIA i Noreg blir alle helsa med eit handslag eller ein klem, og «Velkommen, så hyggelig å se deg, håper å se deg neste uke!» Nokre av songarane får ekstra oppfylging, som til dømes ei tekstmelding med ei påminning om øvinga, eller skyss frå heimen til øvinga.
- Du kan innleie øvinga med at nokre av deltagarane syng eit eller anna dei sjølve har lyst å framføre for dei andre.
- Set opp plakatar med viktige ord på det lokale språket og på språket til migrantane. Ta til dømes med korleis ein helsar, seier ha det, takkar, spør korleis det går, spør kva nokon heiter, seier at ein er glad i nokon, eller andre ting. Oppmod songarane som ikkje er migrantar til å bli vener med dei nye songarane, til å sjå til at dei blir med på sosiale aktivitetar utanfor koret, til å invitere dei heim til seg, og så bortetter.
- Gje små oppgåver eller ansvarsområde til einskilde songarar, for at dei skal få kjenne seg viktige.
- Vis for songarane at det å vere med i eit kor er artig! Om dei koser seg kjem dei attende neste gong.
- Organiser sosiale aktivitetar for koret som kan gje meir tid og rom til personlege samtalar. Det kan vere skøyting, grilling i parken, å spele fotball, eller noko heilt anna.

1.7 Spørsmål om lov

Særleg når ein skal reise må dirigentane og styreleiarane for kora vere medvitne om at dei kan bli stilt for ein del lovrelaterte spørsmål, som dei ikkje ville ha møtt med eit kor som berre hadde songarar som var statsborgarar i verdslandet. Born og unge med migrantbakgrunn kan trenge eit visum for å få reise til visse land, der lokale songarar ikkje ville ha trunge det. Unge flyktningar kanskje ikkje ein gong får lov til å dra frå byen der dei bur.

Når ein arbeider med flyktningar må ein også vere varsam med kommunikasjon via veven, som når ein legg opp bilet og video, eller publiserer namn. Det kan vere at dei treng ein trygg stad der dei ikkje treng å uroe seg for at andlet og namn skal dukke opp nokon stad på nettet.

Praktiske råd

Borna kan ha ulike nasjonalitetar, og somme kanskje er flyktningar. Difor må dirigenten vere svært merksam med korleis ting fungerer for dei.

- Kva lovleg status har dei einskilde borna? Held nokre framleis på med asylsøknaden sin, eller har dei vorte aksepterte som flyktningar? Korleis bur dei? Har dei legitimasjon eller pass? Har dei dobbelt statsborgarskap? Treng dei visum til dei landa koret ynskjer å reise til?
- Bruk koret som ei sosial hjelpegruppe: Finst det andre i koret, til dømes foreldre til songarar, som kan hjelpe migrantfamiliane med lovspørsmål og papirarbeid, eller med omsetjing av lovdokument?
- Er nokre av borna eller foreldra imot at biletet av dei blir lagt ut på sosiale medium? Dette må ein sjekke med alle born og unge, men for flyktningar kan det vere enno viktigare, sidan det kan finnast viktige grunnar til at dei ikkje vil at nokon skal kunne kjenne dei att på biletet.
- Om ein songar ikkje har høve til å vere med på ein tur av lovrelaterte eller økonomiske grunnar, sjå til å gje dei ekstra merksemd i koret. Gje dei ei ekstra oppgåve eller ein bonus, og sjå til at dei kjenner seg inkluderte, særleg etter at dei andre kjem att frå ein tur eller utflukt.

Alle dirigentar bør også lese på om eventuelle reglar som kan gjelde det å arbeide med mindreårige. Dette treng ikkje å vere spesifikt for unge migrantar.

- Dei kan trenge løyve frå foreldra for å få gå ut frå øvingslokalet, dra på utfukt, eller andre aktivitetar utanom det vanlege.
- Dirigenten må av og til be andre vaksne å bli med koret på utfukter eller reiser, på grunn av at ein må ha eit visst tal på born per vaksen i landet der du er.
- I nokre land treng vaksne som arbeider med born politiattest, som viser at dei ikkje har vore innblanda i til dømes seksualbrotsverk.



Marina Velásquez

2. Dirigentens rolle og repertoar

2.1 Val av repertoar

Når det kjem til repertoar har kor som tek inn unge migrantar mange ulike alternativ å velje mellom. I prosjekta me har sett på, har me funne fylgjande tilnærmingar.

- Nokre gjer ingen skilnad i repertoarval samanlikna med andre kor.
 - Nokre brukar nøytralt repertoar, som ikkje særskilt høyrer til nokon av kulturane i koret.
 - Nokre vel å til dømes syngje amerikansk populärmusikk, eller afrikansk musikk. I den tyske publikasjonen «[Chormusik und Migrationsgesellschaft](#)» har Dorothee Barth ein artikkel, «Singen, Chorkultur, Migrationsgesellschaft und die allgemeinbildende Schule» (Song, korkultur, migrasjonsfellesskap og den ålmenndannande skulen), der ho skriv:
- «Kormusikk kan utgjere eit relevant bidrag til eit framgangsrikt migrasjonssamfunn. Folk syng verkeleg over heile verda, og kormusikk frå Afrika og Latinamerika, og gospelmusikk frå USA er særskilt populært mellom unge mennesker. Det kan også gjere det mogeleg å finne eit sams musikalsk grunnlag med migrantar. På den måten kan «Music of the World» også vere ein nykel til korverksemid utanfor skulane. Ein nykel til å oppdage fellesnemnarar og skape band gjennom musikk og musikalsk aktivitet, bortom deira bakgrunn som migrantar og historia før innvandringa.²

- Det å bruke repertoar frå vertslandet kan bidra til å betre språkinnlæringa. Eit døme er prosjektet Barn Synger i bydel Gamle Oslo, som er eit integreringsprosjekt som fokuserer på migrantborn. Dei nyttar tradisjonelle norske barnesongar og typiske fødselsdagssongar. Eit anna døme er Barn Synger i Årstad, men det finst også fleire. (2.2)

² «Darüber hinaus kann die Chormusik aber noch einen spezifischen – gesellschaftlich relevanten – Beitrag für eine gelingende Migrationsgesellschaft leisten: Denn tatsächlich wird auf der ganzen Welt gesungen; und gerade Chormusik aus Afrika, Lateinamerika oder Gospelmusik aus den USA ist bei den hiesigen Jugendlichen ausgesprochen beliebt. Auch können hier schnell gemeinsame musikalische Schnittstellen mit Migrant/innen gefunden werden. Insofern könnten die »Musik der Welt« auch ein Schlüssel für die außerschulische Chorarbeit sein. Ein Schlüssel, im Medium der Musik und der musikalischen Tätigkeit, Gemeinsamkeiten zu entdecken und Verbindung zu schaffen jenseits aller Migrationshintergründe und Einwanderungsgeschichten»

- I tokulturelle kor er det ofte vanleg å syngje repertoar frå kulturane som er representert i koret. Dette gjeld til dømes Adiyaman Refugee Children's choir i Tyrkia, som syng songar på arabisk og tyrkisk. Dette kan også vere eit mål for kor som fører saman mange ulike kulturar. Somme kor har som særskild målsetjing å syngje på alle språk som førekjem i koret, og nokre, til dømes MultiKultiChor Bonn, har til og med skrive inn det i vedtekten.

Praktiske råd

For nøytralt repertoire

- Sjølv om det er vanleg å bruke popsongar, hugs at alle kanskje ikkje kjenner dei. Det finst ikkje noko globalt repertoire, det finst ingen songar som alle kan. Til og med songen Happy birthday er ukjend for mange. Sjølv om amerikansk popmusikk kan vere vel kjend for dei fleste i Vest-Europa, kan han vere heilt ukjend for fyrste generasjons migrantar frå somme land. Dei unge migrantane som har budd i Vest-Europa i mange år, og migrantar av andre og tredje generasjon kan sjølv sagt kjenne til musikken, og ha fått same smak i musikk som unge ikkje-migrantar.
- I den samanhengen er 'problemet' ofte at desse songane fungerer nokså godt. Likevel meiner Anthony Heidweller frå Vocal Statements i Nederland, at ein bør unngå å hamne i den fella gjennom å bruke det han kallar for kosmopolitiske songar, med ein tekst som talar til unge folk. Han seier at dei må kjenne eit visst tildriv til å vilje synge songen, fordi at dei kjenner at bodskapet i songen talar til dei. Ifylgje Heidweller er det også viktig at dirigenten sjølv kjenner for songen, og har eit personleg tilhøve til han, og at dei ikkje har valt han berre for at nokon annan sa at han ville fungere godt. Det å bruke eit kosmopolitisk repertoire, med songar frå ulike kulturar rundt om i verda, kan også hjelpe ein å unngå «kulturell kolonialisme», som kan vere ein risiko om ein hovudsakleg brukar vest-europeisk repertoire. Det å bruke songar frå kulturar de har i koret kan såleis vere ei løysing, sjølv om ein risiko jo kan vere at om somme kulturar er godt representert, kan andre kjenne seg ekskludert.

Repertoar som representerer dei ulike kulturane i koret

- Det vanlegaste spørsmålet me fekk når me såg på kva folk trond i dette prosjektet var: Kvar kan ein finne repertoire frå dei ulike opphavslanda, som ein lett kan syngje med eit kor? Nokre dirigentar, som Michael Betzner-Brand frå Hoffnungschor i Berlin freistar å arrangere songar med melodiar som songarane kjenner frå før, men ikkje alle dirigantar har dugleikane til å arrangere alle songar sjølv.
- Heftet «Sing me in: Repertoarsamling» [Repertoire Guide] kan vere nyttig til dette, og er tilgjengeleg for gratis nedlasting på www.singmein.eu. Der kan du finne prøvenotar, tips om kvar ein kan finne musikk frå ulike land, og ein referanse til Musica Database, der dirigantar kan søkje etter notar som høver til nett deira koroppsett.
- Det kan vere vanskeleg i to- eller mangkulturelle kor å lære ut alle songarane på ulike språk til alle i koret. Nokre prosjekt peiker på at ein kan syngje songar for kvarandre på sitt eige språk i staden. Til dømes har eit norsk SMIA-prosjekt (Sang og musikk i asylmottak) i Nesna hatt eit samarbeid mellom lokale ensemble og migrantar. Dei har nytta både norsk og arabisk repertoire, og late borna syngje for kvarandre. Eit anna døme kjem frå det belgiske prosjektet Crossing Music, som fortel at ein kan samle lette songar, som folketonar eller barnesongar, frå migrantar gjennom å be skular og organisasjonar om å hjelpe til med enkle innspelingar på telefonen, og be så ein tonesetjar om å arrangere songane for det oppsettet du har. På den måten har du også allereie ei uttalefil tilgjengeleg.
- Det finst mange måtar å finne songar frå særskilde kulturar, til dømes gjennom å ta kontakt med migrantkor. Ein del av desse kora har det ikkje naudsynleg som mål å føre saman lokale songarar med migrantar, men kan likevel vere ein nyttig resurs for å finne songar, uttalefiler og liknande. Dette gjeld til dømes Nesrin Karabag-koret og ein gjeng med kor som samlar tyrkiske songarar i Tyskland og Storbritannia. Gjennom å ta kontakt med ambassadar, konsulat og kulturforeiningar kan ein få interessante kjelder.
- Gjer som dei gjorde i koret HOPE i Noreg, og ta med lokale kjendismusikarar eller andre lokale personlegdomar. Dei arbeidde til dømes med musikaren Abazar Hamid frå Music Freedom.
- Freist å kombinere tradisjonell song og dans. Prosjektet Fargespill i Noreg, fokuserer til dømes på kva som hender når folk med ulik bakgrunn møter kvarandre gjennom tradisjonell musikk og dans.

- Det å få alle til å syngje på alle språka i koret kan vere vanskeleg. Anthony Heidweiller frå Vocal Statements i Nederland nemner som framlegg at ein kan syngje med foreldre og born, og spørje dei om kva dei har lyst å syngje. Mellom kvar gong dei syng dei valde songane, syng dei alltid eit slags signatursong for koret på nederlandsk, som ei bru mellom dei ulike songane.

Av og til kan religiøst repertoar vere problematisk

Det finst nokre måtar ein kan løyse det på:

- Ein kan unngå religiøst repertoar heilt.
- Ein kan syngje religiøst repertoar i samband med store heilagdagar i vertslandet, og forklære kvifor dei tradisjonane er viktige for delar av koret, med vener og familie. Fleire har fortalt at det å syngje religiøst repertoar, eller å til dømes gjere jolekonsertar, ikkje var eit problem. Dette kjem sjølv sagt også an på kva land migrantane i koret kjem frå, og i kva utstrekning dei er religiøse.
- Ein kan syngje religiøst repertoar frå fleire religionar – sjå til dømes på Antakya Medeniyetler korosu (Antakya sivilisasjonskor) i Tyrkia. Dei fører saman menneskjer frå dei tre store monoteistiske religionane, og viser fram toleranse som ein eigen veremåte. Dette koret vart nominert som kandidat til Nobels fredspris 2012.

Det er artig å syngje!

- Det viktigaste er å velje repertoar som får borna og ungdomane til å kose seg med det dei driv med.
- Det er mogeleg å late songarane vere med om å velje repertoar.
- Sjå på Sing Me In: Repertoarsamling (på engelsk) for fleire tips og resursar.

2.2 Repertoar som verktøy for språkinnlæring

Som nemnt her over, nyttar mange prosjekt med unge migrantar, særleg prosjekt som er retta mot unge flyktingar, samsong som ein måtte støtte innlæringa av språket eller språka i vertslandet. I somme land samlar ein fyrst flyktingar i eigne klassar, med intensivkurs i språket for å førebu dei, før dei går inn i dei vanlege klassane. Difor finst det ein del bøker som har vorte utvikla, eller er under utvikling, særskilt for det å lære seg språk gjennom song. I Tyskland har Chorverband Nordrhein-Westfalen (korforbundet i delstaten Nordrhein-Westfalen) støtta eit prosjekt som set saman ein songbok med namnet «Lieder zum ankommen» (Songar ved framkome). Boka kjem til å innehalde om lag 75 til 80 songar, med didaktiske tips om korleis ein skal bruke songane, korleis ein skal forklare innhaldet, korleis ein kan løyse kulturelle utfordringar og så bortetter. Sjølv om boka blir laga for skulemiljø, er ho også retta mot folk som arbeider med flyktingar eller i andre mangkulturelle samanheng.

Praktiske råd

Innsiktene frå dette prosjektet kan ein setje om i nokre få retningslinjer:

- Melodi og tekst må vere lette.
- Ordfilfanget i tekstane må høve unge migrantar.
- Grammatikk og ordstilling i songane må vere korrekt.
- Som i boka kan ein byggje repertoaret opp etter ulike tema, som klede, fargar eller fritid. Der blir også song alltid kombinert med rørsle.

Generelt sett kan barnesongar og songleikar alltid vere nyttige, særleg om songarane som er migrantar framleis er unge, eller om det er mange migrantar i gruppa.

2.3 Rolla til dirigenten

Anthony Heidweiler frå Vocal Statements i Nederland gav oss nokre råd om kva dei plar å leite etter hjå dei lærarar og dirigentar dei tek inn til prosjekta sine. Desse råda kan også vere til nytte for dirigentar som vil skipe mangkulturelle kor, eller som har store grupper med migrantar i kora sine.

- Det viktigaste er ikkje alltid musikkunnskapane dine. Det er heller viktig for dirigenten å kjenne for prosjektet, og å ha ein personleg grunn til kvifor dei vil arbeide og syngje med unge migrantar.
- Det er viktig at dei gler seg over arbeidet.

- Sist, men ikkje minst, kan det hjelpe å finne lærarar, dirigentar, hjelparar eller instrumentalistar som sjølve har migrantbakgrunn, og at dei er med og arbeider med dei unge songarane. Det gjer det lettare for songarane å identifisere seg med dei, og å byggje tillit hjå dei, sidan dei kan kjenne at den personen er ein av dei, og veit korleis dei har det. I tillegg er ein positiv verknad at ein får fleire kordirigentar med migrantbakgrunn. Studien som vart sitert i innleiinga, «Chormusik und Migrations-Gesellschaft» viste også at det finst mykje å gå på der. Me har også fått inn andre innspel om korleis dirigentane bør vere, der det særskilt blir nemnt at dirigentar må interessere seg for å arbeide med unge migrantar, og at dei må ha ei stor mengde toleranse i seg.



3. Eit siste ord – forteljinga om Louis

«Louis overlevde folkemordet i Rwanda, men mistet hele familien. Han flyktet og kom til Norge. Livet var vanskelig og han følte seg alene. Etter en stund ble han med i et multikulturelt kor. Koret forandret alt, forteller han. Å ha korøvelsene å se frem til, gjorde tilværelsen mer meningsfull. Han lærte de andre en sang fra sitt hjemland som slo godt an i koret og fikk også solistoppgaver. Etter hvert kunne han se på seg selv som noe mer enn flykting – han var stolt korsanger og solist – en som hadde noe å bidra med. Å synge sammen med korvennene gav ham livsmot. Koret ble hans nye familie. Det bidro til integrering i et nytt land og totalt sett til et bedre liv.

Hva sier Louis' fortelling oss [...]?

Å synge i kor handler om samarbeid, fellesskap og samhørighet. I kor utvikles vennskap og nettverk bygges. Koret kan bli et sosialt knutepunkt som motvirker isolasjon og ensomhet [...] Det kan bli et sted hvor man hører til og er ventet – en ny familie. [...] I et kor bidrar alle til å skape en felles klang. Man lærer nye sanger og utvikler seg. Å synge i kor gir mestringsopplevelser som igjen fører til økt selvtillit og opplevelsen av å bety noe, være en ressurs.

Koret Louis er med i består av en salig blanding av nordmenn og folk fra forskjellige land. Alle blir møtt med et håndtrykk eller en klem, og «Velkommen til oss, så hyggelig å se deg, håper å se deg neste uke!» Noen av sangerne får ekstra oppfølging, som en tekstmelding på øvelsesdagen eller transport.

Pausene er viktige for det sosiale samværet. Ofte er det samlinger utenfor øvelsene, som kveldsmat eller fotballkamp. Korøvelsene er preget av en avslappet atmosfære. De starter ikke alltid på tiden, og folk forlater ikke alltid øvingslokalet når tiden er ute. Det er ingen form for registrering eller medlemsliste, noe som betyr at folk kommer og går. Lederne anstrenger seg for å snakke 'enkel' norsk for å hjelpe nykommere å oppfatte informasjonen som blir gitt.

Hjem som helst kan bli med i koret. Filosofien er at alle kan synge – det handler bare om tid og øvelse. Og det er viktigere å synge med 'power' enn å synge 'pent'. På øvelsene er det lov å gjøre feil, og det er mye latter.

Koret synger enkle trestemte sanger. De bruker aldri noter, men lydfiler er lagt ut på nettet slik at medlemmene kan øve hjemme. På grunn av stadig og hyppig utskiftning av medlemmene er det nødvendig med noen 'søyler' eller støttesangere i hver stemmegruppe.

Lederen av koret til Louis oppsummerer formålet slik: «Å samles et sted hvor man har noe å gjøre, hvor alle er på lik fot, og hvor man møtes i et varmt fellesskap som det å synge er.» Når et kor er preget av sosial og musikalsk gjestfrihet, kan det gi gode opplevelser og fellesskap og bidra til empowerment, mening og sammenheng i livet. Et gjestfritt kor kan bidra til integrering og til det vi kan kalle bedre trivsel, helse, velvære, livskvalitet – eller simpelthen et bedre liv – for mennesker i et nytt land.»

Anne Haugland Balsnes, Noreg³

³ Anne Haugland Balsnes (f. 1969) er professor i musikk og forskningsleiar ved Universitetet i Agder og ved Ansgar teologiske høgskule i Kristiansand, Noreg. Ho er også utøvande dirigent og songar. Balsnes studerte KIA multikulturelle gospelkor i Kristiansand under våren 2012. Koren er del av KIA, som står for Kristent interkulturelt arbeid. Studiane bygde på deltakande observasjon og intervju, og fokuserte på medlemmar med bakgrunn som flyktingar. To av dirigentane og fem songarar frå ulike land vart intervjua. Ein av dei var Louis, som ho fortel om her.



4. Vedlegg - Referansar

Prosjektet Sing Me In vart inspirert av ein studie som Arbeitskreis Musik in der Jugend (den tyske ungdomskororganisasjonen) gjennomførte, som har freista å finne ut av kor stor del av migrantar det er i tyske barne- og ungdomskor. Studien heitte «[Chormusik und Migrations-Gesellschaft](#)».

Under prosjektperioden fekk me vite at det estiske kulturministeriet gjennomførte ein likande studie om kora som deltok i den estiske songfesten 2017. Dei oppdaga at det fanst 35 kor med russisktalande songarar, noko som berre var 4% av kora, medan det i folkesetnaden som heilskap er 30% russisktalande. Ministeriet såg difor at dei trong å få til å auke deltakinga frå russisktalande kor og songarar.

I Sing Me In-prosjektet samla me informasjon om ulike samanheng eller prosjekt der samsong var eller er nyttå som ein reiskap for å integrere unge migrantar. Me lærte oss mange av dei råda me har nemnt her over frå desse andre prosjekta. Mellom desse fann me både vellukka prosjekt, som me kan lære oss noko av, mindre vellukka prosjekt, der me kan lære oss noko av utfordringane dei møtte.

For denne handboka har me særskilt sett på kor utanfor skular og utanfor flyktningmottak, altså dels eksisterande kor som har teke inn migrantar, men også to- og mangkulturelle kor, som vart skipa nett for å føre migrantar og ikkje-migrantar saman. Alle døma gjeld ikkje særskilt barne- og ungdomskor, sidan mange av tinga gjeld kor i alle aldersgrupper. Me trur at dei kan tene som døme, og vere ei nyttig kjelde til inspirasjon for alle kor.

Prosjekt og kor me nemner i denne handboka

Afghan Youth- Voices of Peace

Austerrike, <https://www.youtube.com/watch?v=0mn6rJLmGcl>

Dette er eit interessant døme på eit tokulturelt kor, der songarar frå Austerrike og Afghanistan blir dirigert av ein taiwanesisk musikar.

[Antakya Medeniyetler Korosu](#)

Tyrkia. <http://www.medeniyetlerkorosu.com>

Antakya Medeniyetler korosu (Antakya sivilisasjonskor) fører saman mennesker frå tre monoteistiske religionar, for å vise fram toleranse som ein måte å leve. Koret vart nominert som ein kandidat til Nobels fredspris 2012.

[Barn Synger – Bydel Gamle Oslo; Barn Synger – Bydel Årstad](#)

Noreg, www.ungikor.no

Barn Synger er eit inkluderingsprosjekt som Ung i Kor driv i Noreg, med migrantborn som målgruppe. Dei nyttar tradisjonelt norsk barnerepertoar og typiske fødselsdagsongar, som kan vere nyttige i integreringa. Dei har også møtt på nokre av utfordingane me nemner i denne handboka, slik som å måtte overtyde muslimske foreldre om at musikkaktivitetar er noko deira born kan vere med på, utfordingar knytte til at familiane til deltakarane har låg inntekt, og problem med å finne langsigktig støtte.

[Crossing Music](#)

Belgia, <http://www.focuswtv.be/nieuws/muziekproject-crossing-music-uit-oostende-wint-koningin-mathildeprijs-2017>

I prosjektet Crossing Music (Kryssingsmusikk) samla arrangørane inn enkle songar frå migrantar, med hjelp av skular og organisasjoner.

[Fargespill](#)

Noreg, <http://fargespill.no/in-english>

Fargespill er eit kor som fokuserer på kva som hender når ulike mennesker får møtast gjennom tradisjonell musikk og dans.

[Hoffnungschor](#)

Tyskland, <https://www.facebook.com/Hoffnungschor>

Hoffnungschor (Vonkoret) er eit interessant døme på eit kor med migrantar, med ein syrar som dirigent, som ein dag ville ta inn tyske songarar og bli eit tokulturelt kor. På den måten gjev dette koret eit omvendt perspektiv, der det er koret med migrantar og flyktningar som tek inn innfødde songarar. <https://www.youtube.com/shared?ci=Q4vbBbu9Aec> / <https://www.youtube.com/shared?ci=cROmDY-N8-U>

[HOPE](#)

Noreg, <http://www.krafttakforsang.no/>

Det multikulturelle koret HOPE i Harstad er eit kor av lokale flyktningar, migrantar og lokale songarar, og har vore ein viktig møteplass for integrering, språklæring og kulturelt utbytte. Me vil særskilt nemne prosjektet sidan dei hadde stor framgang i å samverke med mange lokale grupper og institusjonar.

[Kamarikuoro Galerie](#)

Finland -<https://www.facebook.com/Chamber-Choir-Gallerie-177094942442126>

Kammerkoret Galerie er eit kor med medlemmar frå ulike nasjonalitetar, og eit døme på eit vanleg kor i eit mangkulturelt nabolag, som ikkje naudsynleg arbeider med integrering.

[KIA gospelkor](#)

Noreg - <http://kianorge.no/gospelkor/>

I teksten her over har me fleire sitat frå medlemmar i koret, sidan dei tydeleg forklårar kvifor dei syng med føremålet å inkludere migrantar.

[Mosaik](#)

Noreg, <https://www.volda.kommune.no/kulturskulen>

Prosjektet Mosaik er eit godt døme på der lokale krefter samarbeider for å bidra til integrering og kulturutbytte mellom flyktningar, innvandrarar og innfødde nordmenn.

[MultiKultiChor Bonn](#)

Tyskland, www.multikultichor.de,

MultiKultiChor (Multikultikoret) er eit mangkulturelt kor, som var skipa med støtte frå Bonn by, med føremålet å integrere migrantar gjennom å føre dei saman med tyskarar, og få dei til å syngje saman. Dette er eit vaksenkor, men dei er med her som eit døme på at det å føre saman ulike kulturar og syngje repertoar frå opphavslanda til alle kormedlemmane, også kan vere ein del av vedtekene til koret.

Nesna hornmusikk med kor

Noreg, www.korpsnett.no.

Dette var eit døme på eit prosjekt der ein, heller enn å syngje på ulike språk saman, let borna syngje for kvarandre, kvar på sitt språk.

Polyphonica

Hellas, https://www.youtube.com/watch?v=_NdyMe64pr0

Dette er eit vellukka døme på eit mangkulturelt barnekor.

SCIC

Katalonia (Spania), <http://www.scic.cat>

Katalonia, med sju millionar innbyggjarar, har teke imot ein million migrantar under dei siste tiåra. Medlemskora i Secretariat de corals infantils de Catalunya (Det katalanske barnekorforbundet), ville integrere desse som songarar, noko også skulevesenet gjorde. Forbundet tinga også nyskrive repertoar, til dømes ein kantate med inkludering som tema, for ei barnerøyst og treblåskvartett. Verket heiter La Ciutat i la lluna (Byen og månen), tonesett av Poire Vallvé etter ein tekst av Rafel Simó.

Sastamalan seurakunta

Finland - <http://www.sastamalanseurakunta.fi/>

Sastamala kyrkjelyd hadde eit prosjekt, Dei vakraste jolesongane, som nytta internasjonale og finske jolesongar på ulike språk, med føremålet at innvandrarar skulle lære noko om lokal kultur og lokale tradisjonar. For dei innvandrarane som deltok var det ikkje eit problem at repertoaret var religiøst, men sidan dei ikke var så mange, kan det ha vore eit hinder at prosjektet vart arrangert i ei kristen kyrkje.

Tyrkiske kor i andre land

- Köln tyrkiske songkor, Tyskland - <http://tuerkischerchor.de/tr/>
- Leverkusen tyrkiske musikkforeining, Tyskland
- London Turkish Music Choir, Storbritannia
- Nesrin Karabağ, Tyskland

Desse er døme på kor som ikkje er to- eller mangkulturelle i seg sjølv, men heller samlar migrantar som songarar. Rolla deira i inkluderinga av migrantar kan verke mindre berrsynleg enn for dei andre kora, men som me nemner her over, kan dei spele ei rolle i å auke forståinga for kulturen deira i vertslandet, og dei kan også hjelpe andre kor som vil lære seg tyrkisk musikk.

Vocal Statements

Nederland, <http://www.operamakers.nl>,

Foreininga Operamakers i Nederland har også prosjektet Kinderen Ouders Zingen op school (Born og foreldre syng på skulen), som arbeider med foreldre og born.

Zing Nederlands met me

Nederland, <https://www.facebook.com/ZingNederlandsMetMe>

Zing Nederlands met me (Syng nederlandsk med meg) er eit døme på eit kor der song blir nytta for å hjelpe språkinnlæringa. Det er også eit av prosjekta som nemner at det å servere mat kan få folk til å kjenne seg meir velkomne. Sjå også ein video her: <http://www.nhnieuws.nl/nieuws/188612/paradiso-organiseert-bijzondere-taalcursus-voor-vluchtelingen>